

Hjeltefjorden Arena Seniortrim

ÅRSMØTE for 2023

Stad: Hjeltefjorden Arena kafé

Dato: 04.04.2024

Tid: 11:30 - 12:00

Deltakare: Ca. 36 personar

Dagsorden for årsmøte i Seniortrimmen i Hjeltefjorden Arena 2023:

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling.
3. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å underskrive protokollen.
4. Årsmelding frå styret.
5. Rekneskap for 2023 og budsjettforslag for 2024.
6. Innkomne forslag.
7. Val av styremedlemmar

Referat:

1. Opning.

Opning ved leiar.

2. Godkjenning av innkalling.

Årsmøtet vart kunngjort 20.03.2024 på Hjeltefjorden Arena Seniortrim si Facebook side.

3. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å underskrive protokollen.

Vedtak;

Jorunn A T Kallekleiv - møteleiar

Jorunn A T Kallekleiv - referent

Sissel Heggholmen og Anne Randi Hellesund Hansen - skriv under møteprotokollen.

4. Årsmelding frå styret.

Vedtak; Årsmelding vart gjennomgått og vedtatt. Vedlagt referatet.

5. Rekneskap 2023 og budsjettforslag for 2024.

Vedtak;

Regnskapet for 2023 og budsjettforslag for 2024 vart godkjent.

Vedlagt referatet.

Når økonomien/omsetninga er så låg er det ikkje nødvendig at ein har revisor.

6. Innkome forslag.

6.1. Forslag på endring av betaling til Triminstruktør frå kr. 40,- til kr. 30,-.

Balansetreninga er gratis da fysioterapeut er løna av kommunen.

Vedtak;

Betalinga til Triminstruktør blir uendra - kr. 40,-.

Pengane vert betalt direkte til den som leiar trimmen.

6.2. Barnehagebarn som til tider bruker deler av hallen samtidig med Trimmen er forstyrrende. Er det mogleg å gjere noko med det?

Vedtak;

Trimmen kan ikkje forhindra andre å bruka hallen. Trimmen leiger berre deler av hallen.

7. Val av styremedlemmer.

Styret:

Leiar: Ramona Hellesund - på val
Kasserer/Nestleiar: Torunn Svellingen Tjong - 1 år igjen
Sekretær: Jorunn A T Kallekleiv - 1 år igjen
Styremedlem: Torill N. Hellesund - på val
Vara styremedlem: Torild Misje - på val
Vara Styremedlem: Lillian Torsvik - 1 år igjen
Øygarden kommune Rep.: Unni Sørensen

Vedtak;

Styret for 2024 består no av følgjande;

Leiar: Ramona Hellesund - valt for 2 år
Kasserer/Nestleiar: Torunn Svellingen Tjong - 1 år igjen
Sekretær: Jorunn A T Kallekleiv - 1 år igjen
Styremedlem: Steinar Hellesund - valt for 2 år
Vara styremedlem: Torild Misje - valt for 2 år
Vara Styremedlem: Lillian Torsvik - 1 år igjen
Øygarden kommune Rep.- Unni Sørensen



Jorunn A T Kallekleiv
Sekretær/referent

Godkjenning av årsmøteprotokoll

.....
Sissel Heggholmen Dato:

.....
Anne R H Hansen Dato:

HJELTEFJORDEN SENIORTRIM ÅRSMELDING FOR 2023

Seniortrimmen har følgende aktiviteter: Balansetrening, trim og symjing etter trening.

Registrering i Brønnøysundregisteret vart godkjent i august 2022.

At me har eit lag innebærer at me får låna hallen gratis.

Antall deltakere på dei ulike aktivitetene varierer gjennom året, men ca.

- 30-40 deltakere på trimmen, der kvar deltakar betalar kr 40,- pr. gang for instruktør

- 15-20 deltakere på balansetreningen, med kommunalt tilsett fysioterapeut

Etter trening har deltakerne også anledning til å nytta symjehallen.

Målet er å bidra til helsefremjande tiltak for seniorar, samt ha eit sosialt møtepunkt ved å tilby ein kaffekopp med frukt og kjeks i etterkant av treningen.

Kaffi, frukt og kjeks er Øygarden idrettslag som sponsar og lager til for oss, mot at seniorane kan hjelpe til når dei har store arrangement.

Årsplanen for trimmen er at ein følgjer skuleruta. Opplysninger om endringer vært publisert på Facebook.

Styret:

Leiar: Ramona Hellesund – på val

Kasserer/Nestleiar: Torunn Svellingen Tjong – 1 år igjen

Sekretær: Jorunn A T Kallekleiv – 1 år igjen

Styremedlem: Torill N. Hellesund – på val

Vara styremedlem: Torild Misje – på val

Vara Styremedlem: Lillian Torsvik – 1 år igjen

Øygarden kommune Rep.: Unni Sørensen

Styremøter:

Avholdte møter for året 2023 er 4 stk. - 20.04, 11.05., 30.11. og 20.03.24.

Saker som har vore tatt opp:

- Vara instruktør for trimmen,

- Innkjøp av utstyr

- Øygarden IL – avtale om å lage til kaffi og forfriskninger etter trimmen, mot hjelp ved store arrangement.

- Forslag til budsjett for 2024
- Dato for årsmøte.

Økonomi

Regnskap for 2023 og budsjett for 2024 vert egen presentasjon.

Det er ikkje nødvendig å ha revisor.

For styret



Jorunn A T Kallekleiv

- sekretær -

HJELTEFJORDEN ARENA SENIORTRIM

BUDSJETT 2024		NOK	
Mikrofon/mygg	Må være av god kvalitet	kr	5 000,00
Stoler supplering	som ikkje er glatte	kr	2 000,00
Matter/ strikk	for supplering	kr	2 000,00
Sosial arr	Jul- og sommaravslutning	kr	1 000,00
Totalt		kr	10 000,00

Dato: 04.04.2024 Torunn Svellingen Tjong